

# *ÅRSMELDING 2024 FOR VARTDAL KYRKJELYD*



*Kyrkjelydsmøte i kyrkja  
23 mars 2025*

# ÅRSMELDING FOR VARTDAL SOKNERÅD 2024.

## Medlemar Vartdal sokneråd i 2024:

Leiar: Jenny Ullgren  
Nestleiar: Ragnhild Aasen  
Medlemar: Kristine Aasen Tingvoll  
Olav Sandanger Myklebust  
Kari Ellen Vartdal  
Astrid Vartdal de Laer

Varamedlemer: Svein Ivar Aarskog  
Bente Birgitte Geitvik  
Sveinung Saltre  
Jan Otto Roth

Prestevikar Constanze Lindner hadde også fast plass i rådet, fram til september 2024 då Espen Aarseth tok over.

**Kontaktperson Kirkens SOS:** Jenny Ullgren

**Kontaktperson Kirkens Nødhjelp:** Kari Ellen Vartdal

**Representantar for Misjonsprosjektet i Ecuador:** Astrid Vartdal de Laer og Jenny Ullgren

**Innkjøpsansvarleg:** Astrid Elisabeth Vartdal de Laer og Kristine Aasen Tingvoll

## Medlemar til Ørsta kyrkjelege fellelråd i 2024:

Kristine Tingvoll  
Kari Ellen Vartdal  
1.vara: Ragnhild Aasen  
2.vara: Astrid Vartdal de Laer

Arbeidet til Vartdal sokneråd har vore 7 ordinære soknerådsmøte i arbeidsåret 2024. Det har vore handsama 32 saker, mellom anna gudstenesteliste med offer, oppgåver knytt til konfirmasjonar/ jul / 17.mai / økonomi / misjonsprosjekt, samt Høyring om prostigrenser. Røsslynglaurdag på kyrkjegarden vart vidareført og har godt oppmøte. Opa kyrkje første torsdag i månaden, vart vidareført ut året, men vert ikkje gjennomført i 2025 grunna lite oppmøte.

I Vartdal kyrkje har det vorte døypte 8 born (2021: 9; 2022: 8, 2023: 9) der 2 av borna var busette utanfor soknet og 3 sokneborn vart døypte i andre kyrkjelydar.

Det var 1 (2023: 2) innmelde, 2 (2023: 0) utmelde.

16 ungdomar vart konfirmerte ( 2021: 9; 2022: 3, 2023: 18)

1 ekteskap er inngått (2021: 0; 2022:1, 2023: 3)

Det har vore 16 gravferder i soknet (2021: 11; 2022: 5, 2023: 11) der alle var i kyrkja.

Det har totalt vore 25 gudstenester i 2023 (2021: 22; 2022: 25, 2023: 27) der 1 var konfirmasjonsgudstenester, 1 på Helsetunet og 1 Samhald.

Deltakarar på gudsteneste var 1208 (2021: 614; 2022: 1037, 2023: 1295).

Soknerådet er takksam for eit godt og engasjert kyrkjelydsliv også i 2024.

Både tilsette og mange frivillige har på ulike måtar bidrege til eit rikt liv i Vartdal kyrkjelyd.

## Rekneskap 2024

Rekneskapen for 2024 syner eit meirforbruk/underskot på kr 21 294,56 som blir å trekkje frå disposisjonsfond.

Meirforbruket skuldast i si heilheit eit naudsynt vedlikehald på orgelet, og er finansiert med midlar som tidlegare er innsamla til formålet.

Disposisjonsfondet utgjer kr 200 172,75.

Etter at disponering av meirforbruk kr 21 294,56 er vedteke vil disposisjonsfondet vere på kr 178 878,19

Soknet har også eit bunde fond til trusopplæring på kr 16 905,20.

Offer til eige arbeid: kr 28 355,-

I tillegg er det overført kr 11 485,71 frå Barstadvik ungdomsklubb.

Offer til andre: kr 39 739,-

Atterhald om at rekneskapen ikkje er revidert.

Revidert rekneskap vil bli lagt fram på kyrkjekontoret så snart den ligg føre.

## Utval

I **Arbeidsutvalet** sit leiar, nestleiar og sokneprest.

Arbeidet er å planlegge sakene til soknerådsmøta og leiar sender ut innkalling. Utvalet arbeider fram sakene for det meste ved e-postkontakt og telefon.

2024 var det halde møte i **Undervisningsutvalet** med medlemmer frå alle tre sokn. Det vart også vedteke medlem til Diakoniutval.

## Gudstenestearbeidet 2024

I dei fleste gudstenestene har to eller tre av årets konfirmantar hatt klokkarteneste, dvs. praktiske oppgåver knytt til gudstenesta som t.d. ønske velkomen og dele ut salmebøker, gå i prosesjon, hjelpe til under dåpen og samle inn takkofferet. Føresette til konfirmantane har ansvar for kyrkjekaffi. Soknerådet er takksam for innsatsen, sidan kyrkjekaffien er ein viktig møteplass for kyrkjelyden.

28. april feira kyrkjelyden konfirmasjonsgudsteneste i ei fullsett kyrkje og 16 flotte ungdomar vart konfirmerte.

Den tradisjonelle friluftsgudstenesta vart òg planlagt på Playa del Kaia, men vart flytta til Samhald på grunn av dårleg ver.

Hausten 2024 byrja 6 ungdomar som konfirmantar i Vartdal sokn. Desse vart presenterte for kyrkjelyden i gudstenesta 15. sept. Tradisjonen tru er konfirmantane med å utforme lysmessa som kyrkjelyden feirar på 1.advent.

I gudstenesta 29. september vart Constanze Lindner takka av som prest på Vartdal, og Espen Aarseth vart innsett som ny sokneprest.

I familiegudstenesta på julaftan bidrog barnekoret PopKORn - med mange flotte songar og gjorde gudstenesta til ein skikkeleg fest!

Klokkarfunksjonen i gudstenestene vart også i 2024 dekt av frivillige. Klokkarfunksjonen spelar ei viktig rolle i gudstenestelivet på Vartdal.

## Anna arbeid

Etter omfattande oppussingsarbeid er kyrkja no endeleg heilt ferdigstilt. Arbeidet har vore krevjande og kostbart, men no skal kyrkja vere i god stand for mange år framover.

Det vart organisert røsslynglaurdag i september, der SPAR i Vartdal selte røsslyng for planting på gravane.

## Trusopplæring 2024

**Dette er ein rapport om alle trusopplæringstiltaka i Vartdal sokneråd i 2024:**

I trusopplæringsåret 2024 har vi fått til nokre bra tiltak.

**0-3 år:** Dåpsborna får ein handbrodert dåpsklut, eit bilde med kveldsbøn og eit lys. Det vart delt ut ei fadderpåse med gåve til 1., 2. og 3. dåpsdag. Smekke med «Å du som mettar» til 1. dåpsdagen, boka «Lille Sauen går seg vill» til 2. dåpsdagen og ein matboks til 3. dåpsdagen.

**1 år: Babysong:** Dette tilbodet for småbarn og nybakteforeldre tilbyr ein plass for samspell mellom barn og foreldre. Barna får utfolde seg gjennom leik, song og fellesskap. Dette er eit samarbeid med Volda kyrkje. Hausten 2024 har vi utvida tilbodet til å gjelde samlingar i Vartdal kyrkje og Vartdal Helsetun. Alle familiar med baby i Vartdal kyrkje brukte tilbodet og vi vil halde fram så lenge det er etterspørsel. (100%)

**4 år: Undretur og 4årsbok:** I ei fin og fargerik familiegudsteneste fekk 4 av 5 inviterte 4-åringar 4årsboka si, med undretur i kyrkja i forkant (80% deltaking).

**5 år: Kirkerottekino:** Det vart gjennomført kyrkjekino i Vartdal kyrkje. 10 born fekk invitasjon og 8stk kom med familieane sine og såg på film i kyrkjerommet. (80% deltaking)

**6 år - Førsteklasses:** Det vart sende ut invitasjon til 6-åringane i Vartdal kyrkje. Ingen av dei 3 kunne kome og vere med på gudsteneste eller ta imot aktivitetsboka «Alle gode ting».

**7 år - Kyrkjeskule:** Vart ikkje gjennomført i 2024.

**8- 9år:** Det vart sende invitasjon til Tårnagenthelg til årets 8 åringar og 9 åringar. 3 av 5 åtteåringar (60%) og 6 av 9 (67%) kom på arrangementet.

**10 år:** Utdeling av Bibel til 5.klassingar. ? av ? aktuelle 5.-klassingar fekk "Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga" i gåve utdelt i kyrkja.

**11år:** Lys Vaken vart ikkje gjennomført da det ikkje var nok deltakande påmelde.

**14år: Konfirmasjon- (konfirmantåret 2023-2024)**

- Det vart innskriving av nye konfirmantar i juni– der 14åringar såg på glimt frå konfirmantåret og registrerte seg.

- Det vart ”Avspark!” på Sæbø der konfirmantar frå alle tre kyrkjer møttest og fekk undervisning og var med på aktivitetar.
- Konfirmantar vart presenterte for kyrkjelyden i presentasjonsgudsteneste.
- Konfirmantundervisningstimar med åtte ulike tema.  
Undervisningstema:  
1. Kva er gudsteneste? 2. Er alt tilfeldig eller godt planlagt? 3. Kvifor Bibel og misjon? 4. Den heilage ande og bøn 5. Kva ansvar har vi for andre menneske og naturen? 6. Døden og håpet 7. Tilgjeving og nåde. 8. Kvifor syng vi?
- Deltaking i gudstenesteliv som klokkar. Når konfirmantane får klokketenestelista får føresette ansvar for å lage kyrkjekaffi same søndagen.
- Konfirmantleir vart gjennomført i 2024. 2,5 overnattingsdøgn på Sunnmøre Folkehøgskule utført med hjelp av frivillige ungdoms- og vaksenleiarar og føresette som nattevakter. På konfirmantleir telles 20 av dei 60 timane ein skal ha for å få godkjend konfirmantundervisning i DNK.
- Dør til dør fasteaksjon med bøsse og i tillegg Vippshefter. Vi samla inn Kr.22 790,-
- Konfirmasjon: 16 stk vart konfirmert i Vartdal Kyrkje i april 2024. (100% deltaking)

### Skule-kyrkje samarbeid:

- Det vart skulegudsteneste med dramatisering av påskeforteljinga for 1.-4.klassingar.
- Adventsgudsteneste tidleg i desember vart også gjennomført.

### Barnehage-kyrkje samarbeid:

- I både før påske og i advent fikk barnehagen invitasjon til julevandring og hadde fine stund i kyrkja.

### Andre kommentarar:

- I 2024 var kateket, prest med ansvar for barn og unge og frivillig leiar for PopKor'n barnekor med på Trusopplæringskonferansen ved Gardermoen. Det var ei inspirerende og lærarrik oppleving. Det vert ikkje trusopplæringskonferanse i 2025 for å finne ut kva form konferansen skal ta framover.
- Undervisningsutvalet har hatt 2 møter i løpet av hausten 2024. Vi er godt i gang med arbeidet.

Caroline Sefu, kateket

## Diakoni 2024

*Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. (Plan for diakoni i Den norske kyrkja, 2020)*

Diakonien er heile kyrkjelyden sitt ansvar, men Vartdal sokneråd har eit særleg ansvar for det lokale diakoniarbeidet i soknet. Kyrkja har ei viktig samfunnsrolle med å ivareta mennesker som kjem i ein vanskeleg situasjon og treng omsorg, trøyst og håp når alt synes å vere vondt og vanskeleg. Alt dette er forankra i det diakonale oppdraget med nestekjærleik, vern om skaparverket, inkluderande fellesskap og kamp for rettferd. Arbeidet krev kompetanse, god planlegging og effektivt samarbeid med andre samfunnsaktørar. All diakonal omsorg bygg på gjensidigheit, likeverd og respekt for andre sitt syn og levesett.

Frå september 2023 var diakon Knut Stave i permisjon og Betty A. Ndea Søvik har sidan då arbeidd i 100% stilling som diakon.

### Fellesskap

- **Føremiddagstreffa** i Ørsta vart starta opp igjen i 2024, i samarbeid med Ørsta Frikyrkje og Ørsta Indremisjon. Vi formidla at dette var ein open plass for alle som

ønsker ein stad å møtast på dagtid i Ørsta, inkludert pensjonistar, uføre, arbeidsledige, heimeverande, foreldre i permisjon med små barn o.s.v. Vi har ein del spel, lego, og leiker tilgjengeleg for barn. Vi oppfordrar deltakarane å ha med handarbeid og vi lagar til små hobbypakker som dei kan kjøpe og lage ting av mens dei er der. Planen var å ha treff kvar 14. dag. Vi hadde fire vellukka arrangementa i 2024.

- **Internasjonalt Språkkafé** er open for alle, og den vart i 2024 heldt kvar torsdag på Kyrkjekontoret mellom kl. 18:00 og 20:00, unntatt i sommarferien og nasjonal- og heilag dagar. Språkkaféen har hatt meir enn 45 regulære deltakarar som har kome til møta når dei vil og når dei kan. Det er ei god blanding av norske og utanlandske deltakarar, noko som er viktig for at innvandrarane skal kunne lære å forstå og snakke norsk.
- I 2024 var mindre grupper av eldre frå Ørsta, Hjørundfjord og Vartdal sokn invitert til kafétreff på Alti og på Fru Svendsen kunst of kultur kafé på fredag ein gang i månaden. Desse treffa har ikkje vore annonsert i avisa. Formålet har vore å kunne møtast til hyggeleg samvær på ein av kaféane i Ørsta og snakke saman. Det var ikkje så mange som deltok, ofte mindre enn seks eldre, men dei som kom hadde ei god stund saman. Føremiddagstreffet som no vert arrangert erstattar delvis behovet for desse eldretreffa.

### **Besøks- og omsorgsteneste**

- Våren 2024 vart Institusjonsandakter haldne kvar veke (unntatt i feriane), og om lag ein gong i månaden på Aktivitetssenteret (Bakk-Ola Marka). Frå hausten 2024 har institusjonsandaktene berre blitt haldne annan kvar veka (for å redusere arbeidsbyrda til prestane). Diakonen kombinerer ofte andaktene med besøksteneste, spesielt til dei som treng personleg besøk. Elles besøker diakonen regelmessig eldre som bur heime åleine.
- Telefonsamtalar har blitt ein enkel og effektiv måte å komme i kontakt med folk på, og dette har eg brukt aktivt for å nå flest mogleg eldre i lokalsamfunnet vårt, spesielt etter utbrotet av Korona. Telefonen gir høve til å ta kontakt med nye personar, og oftare enn ved fysiske møte. Diakonen mottar gjerne tips om folk som kan ha nytte av ei telefonkontakt, eller eit fysisk besøk.
- Etterlatne blei inviterte til helgemessegodsteneste i 2024 per e-post for å spare porto. Sidan dette var første gangen vi sendte invitasjonen per e-post var det problem med å finne alle e-post adresser. Eg måtte involvere Kyrkjedata, og Sekretæren på kontoret sidan ho åleine har administrasjonsrett til denne funksjonen i Kardinal. Det gjekk bra; berre til nokre få personar måtte vi sende invitasjonen med vanleg post.
- Som medeigar i Kirkens SOS, Møre og Romsdal, er den diakonale, døgnopne telefonenesta, ein del av Ørsta kyrkjelyd sitt omsorgstilbod for dei som treng nokon å snakke med. Fleire frivillige trengst til telefon- og/eller chattevakter til kontora i Ålesund og Myrvåg.

### **Internasjonal diakoni**

- Vartdal kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Ecuador, er eit samarbeid med Den norske misjonsallianse. Kyrkjelyden må utfordrast til å kjøpe eller donere gevinstar til prosjekts aktiviteten.
- Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp: Det blei digital dør til dør-aksjon i Ørsta, Vartdal og Hjørundfjord i 2024.

- Diakonen har halde norskundervisning i 2024 som var open for alle eldre ukrainske flyktningar og andre som ikkje fekk tilbod på opplæringscenteret i Ørsta eller for dei som treng meir hjelp med norsk lekser. Etter sommarferien i 2024 var det berre tre nye eldre ukrainarar som nytta seg av undervisninga med diakonen på kyrkjekontoret då alle ukrainar etter kvart har fått tilbod om norsk opplæring på Ørsta opplæringscenter. Under hausten har berre ei dame nytta seg av undervisninga som diakonen held etter klokka fire kvar torsdag, eit tilbod som foregår fortsatt.
- Språkkaféen i Ørsta har blitt svært populært blant innvandrarar, men vi treng endå fleire nordmenn og andre som snakkar norsk. Formålet med språkkaféen er å tale norsk saman, hjelpe flyktningane med lekser dei får frå ordinær norsk opplæring, samt å gi dei hjelp med diverse praktiske gjeremål som utfylling av skjema, orientering om det norske samfunnet, korleis delta i ulike fritidsaktivitetar, osv.
- Det er også innvandrarar som søker hjelp av diakonen til diverse praktiske problem, inkludert hjelp med å finne bustad.

### **Diakonane si deltaking i Trusopplæring**

- Kvart år har diakonen undervist konfirmantar både i individuelle klasser under året og på konfirmantleir, også i 2024. I arbeidet med konfirmantar har diakonane spesielt peika på den viktige rolla kyrkja vår har i samfunnet når det gjeld å ta vare på naturen og miljøet og våre medmenneske.

### **Søndagstankar**

- I turnus med prestane skriv diakonen søndagstankar i Møre Nytt kvar fjerde fredag. Mange lesarar av Møre Nytt har gitt gode tilbakemeldingar noko som tyder på at søndagstankane vert lest og sett pris på.

### **Grøn kyrkjelyd og Berekraftsmålar**

- Vartdal kyrkjelyd har sidan 2017 vore Grøn kyrkjelyd, med felles handlingsplan; saman med Ørsta kyrkjelyden - og Hjørundfjord kyrkjelydar sidan. Å bli ei grøn kyrkjelyd er ikkje ei veldig stor sak, men det er ein del som skal gjerast og det vil nok krevje noko. Utfordringa er å vidareføre måla i handlingsplanen i åra som kjem, og her kan heile kyrkjelyden bidra med å svare på følgande spørsmål
- Korleis kan diakonien støtte arbeidet med å oppnå berekraftsmåla i vår kyrkjelyd? Korleis kan vi saman oppretthalde det lokale og det globale engasjementet? Prioriterer vi «riktig» i den lokale diakonien? Ser vi etter dei mest marginaliserte og sårbara i vårt samfunn? Ser vi på alle mennesker som ein ressurs?

***Takk til alle som har vore med å bære fram diakonien gjennom dette året! Lat oss ta diakonien med i alt arbeid i kyrkja, som ei grunnleggjande haldning og ein måte å leve på, som formar kyrkjelyden, i bøn og i arbeid.***

Betty A. Ndea Søvik, diakon

## **Årsmelding kyrkjemusikk**

**Vartdal sokn, 2024.**

### **Kyrkjemusikarar 2024**

Marie Austrheim Riise, kantor i 100% stilling

John Inge Leira Bjøringsøy, organist i 60 % stilling (i permisjon delar av 2024)

*Når mennesket spelar, syng og leikar, lyttar det til lyden frå skaparverket, gir denne lyden form og tek på den måten imot Guds gåver. Slik blir vi Guds medskaparar. Kyrkja forstår difor all kunst og kreativitet som ein del av forvaltaroppdraget. Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Alt Gud har skapt, vitnar om hans stordom og herlegdom. Det lèt oss ane at Gud finst.*  
(Plan for kyrkjemusikk)

## **Gudstenester**

I Vartdal sokn er kantor og organist godt involverte, i samarbeid med prest, kateket og andre tilsette, i både planlegging, førebuing og gjennomføring av gudstenester. Kyrkjemusikarane har ansvar for å ta vare på både tradisjonelle og nyare kyrkjemusikalske uttrykk i gudstenesta. Å sikre ein raud tråd i gudstenestene, samt å få ei heilheit i forhold til kyrkjeårets tekster, tema, salmar og songar er eit svært viktig arbeid.

## **Gudstenester**

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje! Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Gjennom gudstenestene får vi løfte opp vår song, lovprise Gud og uttrykkje og formidle vår kristne tru i eit fellesskap.

I Vartdal sokn tek kyrkjemusikarane del i både planlegging av gudstenester og i arbeidet med å hente inn lokale musikkrefter, i samarbeid med prestar, trusopplærarar og andre tilsette.

Gudstenestereforma legg betydeleg vekt på involvering av frivillige i gudstenestene. Det er svært flott og viktig å utfordre kor, musikarar og solistar til å ta del i gudstenestene, noko vi også gjer i Vartdal sokn. Nokre gudstenester utmerkar seg som særskild viktige å hente inn eksterne musikkrefter til: konfirmasjon, høgtidsdagar, konfirmantjubileum og dåpsgudstenester. Likevel spør vi solistar og andre musikarar/grupper/kor om å ta del på heilt «vanlege» gudstenester.

Det er eit særskild viktig arbeid å invitere inn eksterne og lokale musikarar, kor og grupper på gudstenester. Dette er særskild viktig i dei mindre sokna. Å invitere med kor og musikarar gjer at fleire kjem til gudsteneste. Det er også svært viktig å trekke inn musikk og kulturmiljøet i Vartdal. Dette er til stor glede og inspirasjon for kyrkjelyden og lokalmiljøet elles. Slik kan vi også lyfte fram unge talent, born og andre som driv med musikk og kunst. Sidan ein av organistane var ute i permisjon halve året i 2024, vart det nok dessverre litt færre solistar i 2024 mot året 2023, mykje fordi det var mange organistvikarar på dei ulike gudstenestene.

Arbeidet med å hente inn lokale song og musikkrefter er eit svært viktig arbeid som må prioriterast. Det er spesielt viktig i mindre sokn. Å ha med eit blandakor, barnekor eller ei gruppe kan ha stor innverknad på antal besøkande på gudstenestene. Dette løftar gudstenestene!

## **Kyrkjemusikk og trusopplæring**

Kyrkjemusikk- og kulturverksemd gir eit godt grunnlag for at born og unge kan være deltakarar og ressursar for kyrkjelyden som lærande fellesskap. Denne fellesskapen er ein god arena for læring av bibeltekstar, liturgi og salmar.

I arbeidet med konfirmantar har kyrkjemusikarane eit særleg ansvar for musikkgruppene på konfirmantleir. Desse musikkgruppene førebur seg til gudstenesta på leir og er eit svært kjekt



arbeid! I 2024 var det fleire konfirmantar frå Vartdal som tok del på musikkgruppa på leir. Dei førebudde musikk til gudstenesta på konfirmantleir.

Kantor og organist tek også del i førebuing og gjennomføring av skulegudstenester gjennom året før påske og før jul, i samarbeid med prestar og trusopplærarar. Dei er også med på trusopplæringstiltak som Lys Vaken, tårnagent og, undretur og utdeling av 4-års bok for å nemne nokre arrangement.

**Korverksemd:** Av korverksemd i Vartdal sokn finn vi barnekoret PopKORn. Dirigent er Venche Vartdal Leite. Aldersgruppe: 1-7.klasse. Antal: rundt 16 born. Koret tek del på ein del av familiegudstenestene og har også teke del ved fleire andre arrangement utanfor kyrkjeleg regi. Det er svært viktig å ha eit barnekor i soknet og koret har stor betydning for gudstenesteliv og kyrkjelyden i Vartdal sokn, då særskilt ved familiegudstenester. Dette korarbeidet bør ein verkeleg satse på framover! Vi vil rette ei stor takk til dirigent Venche og frivillige som legg ned ein stor innsats. De gjer ein svært viktig jobb!

### **Vi syng og spelar jula inn**

Laurdag 14.12 2024 var det den tradisjonelle konserten «Vi syng og spelar jula inn». Dessverre var det i år svært lite påmelding av lokale korps og musikarar. Det vart likevel ein flott konsert denne dagen. Dei som tok del: Cantando, Morten Bollerud og John Inge Bjøringsøy. Kanskje bør ein vurdere å bytte helg for konserten. Konserten bør samordnast i forhold til andre arrangement i bygda i desember. Ved å henvende seg til korps, kor og andre kan ein finne ein dato der det i alle fall ikkje er fleire arrangement same dag.

### **Musikarar som har teke del på gudstenester, konsertar o.l i 2024:**

Vi vil rette ei stor takk til alle som har teke del på gudstenester, konsertar og liknande arrangement i Vartdal sokn gjennom året 2024. Vi set svært stor pris på at de tek del og vi ynskjer å rette ei stor takk til dykk. De gjer alle ein svært viktig jobb! Fleire av dykk har også teke del ved fleire høver i løpet av året. Tusen takk!

Marie Austrheim Riise  
Kantor i Vartdal kyrkje,  
27.03.2025.

**Vartdal sokneråd og sokneprest vil gjerne få rette ei stor takk til alle dei frivillige som tek del i alt arbeid og gudstenesteliv i kyrkjelyden. De gjer eit svært viktig arbeid; Hjarteleg takk!**

Jenny Ullgren  
leiar Vartdal sokneråd

Espen Aarseth  
sokneprest